

Det er halde branntilsyn ved Uskedalen Aktivitetshus og Oppvekstsenter ved brannsjef Grete Nesheim og branningeniør Arve Martin Sagen. Konklusjonen frå dei går ut på at branntryggleiken er stort sett god og det opplysast at skulen har fleire øvingar i året.

Verksemdsleiaren vil starta med å dokumentera øvingar i kommunen si elektroniske brannbok. Dette systemet skal også takast i bruk i samband med utleige av Aktivitetshuset.

Under tilsynet i 2009 vart det som no avdekka forhold kring hindringar kring rømningsvegar, brannalarmanlegg og orienteringsplanar.

Det er uheldig at branntilsynet nok ein gong finn desse forholda. Madrassar og redningsvestar gir betydeleg røykutvikling når dei brenn. Det må etablerast ei løysing av varig karakter slik at rømningsvegane fungerer som forutsatt.

Det er utgongen frå barnehagen som blir brukt som lager for barnevogner, madrasser, redningsvestar med meir. Rømningsvegar skal ikkje innehalde hindringar, innsnevringar eller brennbart materiale.

Det vart opplyst at brukarar av Aktivitetshuset ikkje har tilgang til skuledelen av bygget. Ved utløyst alarm veit ein ikkje kven ein skal kontakta og kva som skal gjerast. Her bør det etablerast rutinar som syner kva brukarane skal gjera ved utløyst alarm, held branningeniøren fram i rapporten.

Av Ola Matti Mathisen